

Å skapa rom for eit språk som talar sanning



heilt frå debuten har Rønnaug Kleiva stått fram med ein særmerkt skrivemåte prega av eit direkte, konsentrert og sanseleg språk. Ho tar gjerne fatt i dei ubehagelege sidene av tilværet, og skildrar med utsøkt poetisk styrke sløkt vi vegrar oss mot å setja ord på – både i vaksnebøkene og i barne- og ungdomsbøkene sine. Det litterære uttrykket i bøkene hennar er prega av ei ro der ein merkar ei underliggjande uro, noko som skapar ei spenning og kallar fram ettertankar hos lesaren.

Vi har snakka med henne om å skriva skjønnlitteratur, om det å venda seg til ulike målgrupper som forfattar – men mest om å skriva for barn og unge.

POK: Korfor begynte du å skriva skjønnlitteratur?

RK: Eg har alltid hatt vanskeleg for å snakke – og har det faktisk slik framleis. Eg brukar å fleipe med det, og då seier eg at eg snakka ikkje før eg var 30. Og eg trur at det å skriva er uttrykk for eit voldsomt behov for å få sagt det eg ikkje har fått sagt, det eg har bore på og ikkje har fått fram. Dette var nok bakgrunnen for at det danna seg eit sterkt trykk – og så var det sjølv sagt litt tilfeldig kva som blei resultatet av dette trykket. Men eg var jo veldig sein, då, eg starta jo ikkje før eg var nesten 35 år. Eg hadde vore lærar i 10–15 år og begynte å bli lei. Ein dag fekk eg eit spørsmål om kva eg heller ville gjere. Det var svært provoserande, og eg svara at eg ville skriva. Så måtte eg gjere det, då, når eg hadde sagt det.

FOK: Dei to fyrste bøkene dine var vaksnebøker. Du debuterte i 1985 med ei diktbok, og deretter kom det ei prosabok. Men så skreiv du ei barnebok, diktforteljinga *Fuglane kor dei flyg* (1988). Kva var det som dreiv deg til barnelitteraturen?

RR: Eg hadde alltid hatt lyst til å prøve ulike litterære uttrykk. Men den direkte grunnen til at eg laga den boka, var at eg fekk spørsmål frå forlaget om eg kunne skrive noko for barn. Og så var det noko der eg ville skrive om. Eg trur eg bruker forskjellige delar av meg sjølv i vaksnelitteratur og i barnelitteratur, så eg har behov for begge delar. Eg er så egoistisk at eg skriv berre for min eigen del.

FOK: Så du tenkjer ikkje på lesaren i det heile – verken når du skriv vaksnebøker eller når du skriv barnebøker?

RR: Ikkje i utgangspunktet. Eg skriv for meg sjølv, der det brenn – men eg tenkjer jo på lesaren seinare. Når manus er skrivne og det skal publiserast, då går eg gjennom det med slikt for auge. Likevel, sjølv om eg tenkjer på lesaren, er det ikkje sikkert eg tar så mykje omsyn til han. Eg prøver ikkje å innynde meg, eg gjer det som eg synest er rett reint stilistisk.

FOK: Vil du heller bli mislikt, provosera?

RR: Nei då, slett ikkje! Viss folk liker det, er det jo bra. Men om altfor mange likte det, ville eg kanskje bli nervøs.

FOK: Ser du sjølv nokon samanheng mellom vaksen- og barnebøkene dine?

RR: Tja ... i forma er dei jo knappe, alle bøkene mine. I ettertid ser eg at dei innhaldsmessig òg har visse likskapar – det er jo ikkje det lykkelege livet som blir skildra i nokon av dei. No er vi vane med at det blir pirka i vaksnelivet, der vi sjølve er. Men vi er nok mindre vane med at forfattarar pirkar i barndommen, for vi vil så gjerne alle ha i fred trua på den

**RONNAUG
KLEIVA** (f. 1951)
debuterte i 1985
med diktboka
Animasjon, og har
seinare skrivne fleire
andre bøker for
vaksne. Ho har
skrivne desse bøkene
for barn og unge:

Fuglane kor dei flyg (1988),
Kven sin dag er dette?
(1989), *Plutsleg no* (1990),
Ein underleg vinter (1991),
Einmannsbåten (1993), *Eg
greier meg* (1994), *Ikkje
gløym å klappe katten*
(1997) og *Kjærliek på pinne
frå Ouagadougou* (1999).
Ho fekk Noregs Mållags
barnebokpris for *Plutsleg
no* og Norsk Litteratur-
kritikerlags barnebokpris og
Kulturdepartementets
barnebokpris for *ikkje
gløym å klappe katten*,
*Kjærliek på pinne frå
Ouagadougou* er norsk
vinnar i ein nordisk
barnebokkonkurranse. I
1998 fekk Ronnaug Kleiva
Samlagsprisen for sin samla
forfattarskap.

© Fotograf: Finn Ståle Feldberg



gode barndommen, sjølv om vi egentleg veit at det er noko tull: Det er jo så vidt folk overlever den tida der!

Eg trur det er best å la ungane meir få sjå det livet dei lever i, som er ganske tøft. Dette er også

ein sentral del av kunnskapen om deg sjølv. Det er viktig at du veit om det som bur i deg, til dømes dine tendensar til fæenskap. Dei farlegaste menneska er ikkje nødvendigvis dei som har stygge tankar og stygge impulsar, men dei som ikkje kjenner til dei.

FOK: Og i barndommen er desse tinga mindre tildekte og kan analyserast? Er det dette du vil markera med barnebøkene dine?

RR: Ja – utan at eg tenkte så bevisst over det før eg skreiv dei enkelte bøkene. Men når eg ser i ettertid kva eg har gjort og kva funksjon bøkene kan ha, så er det nok slik eg tenkjer.

FOK: Den fyrste barneboka di er vel relativt idyllisk – ho skildrar i alle fall ein god barndom, med ein trygg bestefar og alt?

RR: Jo, ho er vel ein idyll – med noko trist i. Bestefaren dør.

FOK: Og ho handlar om ein gut?

RR: Nei, det står ikkje noko om kjønn i teksten, men forlaget skriv i baksideteksten at det er ein gut. Men i ei anna bok, *Einmannsbåten* (1993), er det ein gut som er hovudperson. Du veit, eg er så umoderne at eg trur det ikkje er så store

kjønnsforskjellar i barndommen. Sjølv voks eg eigentleg opp som gut, og var oppteken av guteting som hyttebygging, lastebilar og draumar om å bestige Tirich Mir og å gå på ski over Grønland. Men så kom jo puberteten som eit sjokk: Då såg eg meg i spegelen for fyrste gong og skjønnte eg var veldig jente. Det var som eit plutseleg kjønnskifte.

POK: Men du har skriva om jenter i dei fleste bøkene dine, og dei har vore frå 6 til 15. Og det har gjerne vore jenter som har det vanskeleg eller framstår som vanskelege, endåtil umoglege.

RK: Dei jentene eg har skildra, er forholdsvis sterke, men også sårbare. Jenter blir jo ikkje oppdregne til å vere så veldig sterke, eller ville. Om du bryt med desse forventningane, så får du høyre det av dei vaksne. Når eg skriv om slike jenter, er det fordi eg har ei viss erfaring med det sjølv. Eg har hatt store vanskar med å vere den snille jenta, det var lettare å vere den normale guten, som kan tillate seg meir. Det er vel også slik at ein kan skriva bøker om stygge og ville gutar utan at nokon reagerer, men det blir straks meir synleg når slike hovudpersonar er jenter. Elles vil eg meine at jente-hovudpersonane mine fyrst og fremst er innklemde, dei har for tronge rom å utfalde seg i og prøver å sprengje seg ut. Eg må seie eg ikkje synest dei er så usympatiske nokon av dei, eg forstår dei godt.

POK: Dette er vel særleg tydeleg i *Ikkje gløym å klappe hatten* (1997) og *Kjærleik på pinne frå Ouagadougou* (1999), der du skildrar jenter som verkeleg tar sin innklemde situasjon i eigne hender og skaper seg ein fridom. Men kanskje jenta i den siste boka likevel tar i bruk litt sterk dynamitt når ho skal sprengja seg ut – ho er vel litt vondskapsfull, i alle fall utkroppen?

RK: Du må ikkje snakke stygt om ungene mine! Nei, du veit: Det er ikkje lett å vere passe snill og passe stygg. Jo, eg trur

Ronnaug Kleiva: Ikkje gløym å klappe hatten. Samlaget 1997



nok den jenta der kan finne på litt av kvart om ho ikkje modererer seg – mens hovudpersonen i *Ikkje gløym å klappe hatten* er farleg berre for seg sjølv. Apropos dette med å vere stygg og snill: Eg hadde ei interessant oppleving nyleg, då eg fortalde ein kjenning at eg hadde fått stipend og ville reise til Balkan. «Då er det i alle fall ikkje barnelitteratur du skal få inspira-

sjon til,» sa vedkommande. Dette viser kor naivt ein tenkjer om barne- og vaksenlitteratur. Det er jo det menneskelege all litteratur tar for seg, han prøver å synleggjere dei eigenskapane som finst inni oss, frå vi er små, slik at vi kan få eit bevisst forhold til dei. I sterkt pressa situasjonar kan både barn og vaksne finne på kva som helst – tenk på kor lettvekt impulsen til å drive med faenskap er! Ikkje berre det å slå, slik ein ser hos små barn, men intrigering og utfrysing – ofte med det føremålet å forsvare seg sjølv, sitt sjølvbilde, sin eigen integritet, og ikkje sjeldan utan å vere klar over kva ein gjer.

POK: Eg opplever språket i barnebøkene dine som nokså avansert. Sjølv når du lar ei førskulejente vera forteljar, som i *Eg greier meg* (1994), lar du henne formulera lange og relativt abstrakte tankar. Kan det ikkje bli litt vanskeleg for born å gripa dette?

RK: Eg veit ikkje. Det er klart det ikkje er alle som heng med, men det er det jo ikkje i noko tilfelle. Om ein tenkjer på det ein sjølv har lese opp gjennom tida, så har ein ofte lese bøker der ein berre har fått med seg ein del. Og likevel er det noko ... ja – ja, du veit, eg las jo Vesaas 10–12-årsalderen, som mange andre gjorde, og det var ikkje så farleg at eg ikkje

fekk med meg alt. Ei anna sak er at ungar ikkje er så dumme som vi trur. Vi skal ikkje undervurdere dei, men heller gi dei litt å strekkje seg etter. Eg vil jo også gi noko til vaksne, det er ei anna side av saka. Ungar tenkjer forresten mykje, og dei tenkjer djupt. Kanskje er dei ikkje alltid like flinke til å ordleggje seg – men enkelte er det også.

POK: Du set altså ord på tankar som er vanskelege – men tankane er der, i barnet? Du vil framheva tankenivået hos born, og forsvara dei som menneske?

RK: Deira evne til å tenkje vil eg framheve, og deira evne til å trekkje slutningar – ja. Men elles er jo ungar like forskjellige som vaksne. Vi vaksne tar feil når vi tenkjer at ungar er ungar, det er det. Ikkje alle ungar er snille, liksom ikkje alle vaksne er det, til dømes. Ungar er overlatne til dei vaksne, det er største forskjellen. Men eg er ikkje spesielt positivt innstilt overfor ungar meir enn overfor vaksne.

POK: Du har likevel skriva svært mange barnebøker på 1990-talet – fem, for å vera nøyaktig, mot to diktbøker for vaksne. Ikkje noko vondt sagt om diktbøkene dine – *I ovnen er lammet* (1995) er ei sterk og fin bok – men mi oppleving er at det er barnebøkene som har mest av konsentrert eksistensielt og litterært trykk. Korleis opplever du dette sjølv?

RK: Eg trur du har rett. Det var slik eg kunne få sagt det eg ønskte å formidle i desse åra – barnebøkene blei den rette kunstforma for det, kan ein seie.

POK: Dei formene ein vel, er jo masker på ein måte, gestaltar for det som brenn i ein. Er du klar over det tidleg i skriveprosessen kva slags litteratur som vil komma ut av det?

RK: Ja, eg er det. Eg trur eg veit det med det same eg begynner å skriva, kanskje også før det fyrste ordet er skriva. Men det hender jo at eg gjer notat i løpet av skrivinga som eg ser må

brukast i eit anna prosjekt eller ein annan sjanger. Eg har samla ein del slike notat dei siste åra, noko er dikt, anna er prosa – som er meint å bli til vaksnelitteratur.

POK: Du seier du ikkje har edlare motiv for å skriva barnelitteratur enn å laga skikkeleg litteratur. Då må du ha hatt meir litterære grunnar for å kanalisera trykket ditt inn i barnelitterære sjangrar. Er det noko i barnelitteratursamanhengen som gjer at du opplever det som meir meningsfullt å setja inn kreftene der?

RK: Jo, kanskje. Eg har nok ei større kjensle av å kunne gi noko i ein slik samanheng – gi lesarane ei tru på at det går an å greie seg sjølv om alt er vanskeleg, at det går an å leve på eit nullpunkt og samtidig finne meining og glede. Dette er dei jo nøydde til å venje seg til som vaksne. Alle hovudpersonane i barnebøkene mine greier seg gjennom dei vanskanene dei har, endå dei er overlatne til seg sjølve i ei verd av fjerne og ofte lunefulle vaksne.

POK: Og det er ingen vits i å prøva å gi noko slikt i ein vaksnelitteratursamanheng?

RK: Nei, det er ikkje akkurat sånn! Men eg trur vaksne må ruskast meir i. I forhold til vaksne gjer eg eigentleg kva som helst. Der kan eg rekne med at lesaren er ein myndig person som skal tole ein trøkk – eg kan for så vidt drepe alle personane mine om eg vil – men noko slikt ville eg ikkje kunne tilate meg i ei barnebok, sjølv om eg går så langt eg kan der òg.

POK: Så du har dei siste åra ikkje funne rette måten å ruska i oss vaksne på?

RK: Eg arbeider med det.

POK: Du sa at du trur skriving er viktig for deg fordi du har problem med å snakka. Kan ein seia det slik at du gjennom skriv-

inga skaper deg ein samanheng å snakka i, eit rom der det er fritt fram for orda dine?

R K: Ja, og der det ikkje er så mykje uorden i tankane som når eg snakkar. Skrivning er for meg å skape ein orden eg kan leve med, ei lita lagune av sanning i ei verd der du av og til kan føle du blir splitter pine galen av alle ord og tankar som svirrar omkring. For meg er dette eit heilt nødvendig arbeid. Sjølv om det er ei avgrensa sanning, så er det nok, det held for meg.

F O K: Og berre dårlege malarar føler trong til å bruka alle fargane og fylla heile lerretet heile tida?

R K: Ja, nettopp!

F O K: Kva bok kan vi venta oss frå Rønnaug Kleiva neste gong?

R K: No skriv eg på ei bok for vaksne. Eg har sagt til meg sjølv at eg ikkje får lov å skrive ei ny barnebok før eg har skrive ei for vaksne. Og då må det bli slik.

F O K: Så du har altså funne ein måte å ruska i oss på?

R K: Ja da, no skal eg fram med øksa og kniven og geværet – og pennen, den må eg ikkje gløyme!



Rønnaug Kleiva: Kjærligst på pinnen frå Ouagadougou, Samlaget 1999

Det er ikkje farleg å lage bomber av gamle patronhyser og det raude svovelet på fyrstikker, og så bruke ein viss teknikk for å få dei til å smelle. Eg passar jo på sette dei slik at dei vender inn mot muren på husa vi er i nærleiken av.

Det som er farleg er etter at dei sinte damene har ringt og klaga til mamma.

— — —

Av og til er husa stumme, jamvel om alle snakkar i munnen på kvarandre.

Då lengtar eg etter å arbeide i skogen med bestefar.

— — —

Det er berre eit hus.
Ingen ting anna.
Berre eit hus.
Det er laga av tre.
Det står der borte.

(Frå *Fuglane kor dei flyg*, 1988)

Kva gjer ein når mødrer blir borte?
Eg veit det ikkje, og eg veit ikkje kven eg kan spørje.
Eg veit ikkje om eg i det heile kan spørje nokon. Eg held meg inne i huset. Eg ventar. Men ingen ting skjer.
Kva gjer ein når ingen ting skjer?
Ventar ein berre vidare då?

Ingen ser meg. Ingen ser etter meg.
Er det ingen som saknar meg?

Tida vil gå.
Snart vil det ikkje vere meir mat i huset.
Ein kan vente og vente og ingen ting treng skje.
Kva gjer ein til slutt, etter at ingen ting har skjedd?

(Frå *Eg greier meg*, 1994)

Ute ligg kattermora i ei solkrå og kosar seg. Anna finn ein plastpose frå nærbutikken. Den er i minste laget. Difor hentar ho ein svart bossekk. – Pus, seier ho og klappar katten. Katten mel. Ho opnar plastsekken og slepper kattermora oppi. Ho knyter igjen med ein taustump. Så slenger ho sekken over aksla og går. Katten er uroleg. Den sprellar og klorar og er vanskeleg å bere.

Der er ei stri elv i nærleiken. Dit går Anna. Frå ein stor stein ved elvebreidda kastar ho plastsekken langt ut i vatnet. Den forsvinn med vatnet nedover elva.

Deretter plukkar Anna blomar ved elvekanten. Ho prøver å finne så mange sortar som mogleg.

– – –

Anna går på vegen og frys. Ein haustvind blåes gjennom dei altfor tynne kleda som ho har tatt på seg. Ho har late utdøra stå open, slik at det skal bli kaldt inne og nokon skal oppdage at ho er borte. Men då ho snur seg for å sjå, er det ingen som står i døropninga og ropar til henne at ho må kome tilbake og få på seg meir klede; det er kaldt, ho må ikkje fryse, og no må ho lyde.

Anna kjenner at ho er trist og trøytt, og veit ikkje akkurat kva ho skal gjere. Ho prøver å tenkje på heilt andre ting. Etter ei stund kjenner ho ikkje at ho er trist. Etter enda litt tid kjenner ho heller ikkje at ho frys.

Ei dame går forbi, spør: – Korleis står det til i dag, Anna?

– Berre bra, seier Anna.

(Frå *Ikkje gløym å klappe katten*, 1997)